

Saksnr: 2019/45-1  
Saksbehandlar: Merete Farstad og Sveinung Klyve

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		12.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

**Regional vassforvaltningsplan - planprogram og hovudutfordringar****Forslag til innstilling**

Følgjande dokument vert godkjende i samband med gjeldande vassforvaltningsplan for Sogn og Fjordane og Hordaland 2016 -2021:

1. Handlingsprogram 2019-2021 til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
2. Handlingsprogram 2019 – 2021 til Regional plan for vassforvaltning for Hordaland vassregion 2016-2021

Følgjande dokument vert godkjende i samband med ny vassforvaltningsplan for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland (Vestland), Glomma og Møre og Romsdal 2022 -2027:

1. Planprogram for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland for ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022 - 2027
2. Planprogram i Glomma vassregion for ny vassforvaltningsplan for Glomma vassregion 2022 -2027
3. Planprogram i Møre og Romsdal vassregion for ny vassforvaltningsplan i Møre og Romsdal vassregion

Følgjande dokument vert teke til orientering i samband med ny vassforvaltningsplan for vassregionane Vestland, Glomma og Møre og Romsdal 2022 -2027:

1. Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion - planperiode 2022 -2027
2. Hovudutfordringar i Hordaland vassregion - planperiode 2022 -2027
3. Hovudutfordringar i Glomma vassregion - planperiode 2022 -2027
4. Hovudutfordringar i Møre og Romsdal vassregion - for planperiode 2022 -2027

## Samandrag

Gjeldande regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram gjeld for perioden 2016-2021. Vassregionmynda som er fylkeskommunen er no i gang med ny plan for perioden 2022-2027. Planen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Målet med planen er å ha god samordna vassforvalting og oppnå god miljøtilstand for vassførekomstane våre frå fjell til fjord. Planprogram og hovudutfordringar har vore på høyring og innspela som er kome inn er vurdert og er teke omsyn til i desse dokumenta som ligg vedlagt saka.

Handlingsprogramma for gjeldande plan (2016-2021) for Sogn og Fjordane og Hordaland er oppdaterte og gjeld for 2019-2021.

Rune Haugsdal  
prosjektleder

Bård Sandal  
påtroppande fylkesdirektør for  
innovasjon og næringsutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

### Vedlegg

1. Handlingsprogram 2019-2021 til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
2. Handlingsprogram 2019-2021 til Regional plan for vassforvaltning Hordaland vassregion 2016-2021
3. Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion – planperiode 2022 -2027
4. Planprogram for Sogn og Fjordane vassregion og Hordaland vassregion for oppdatert vassforvaltningsplan - planperiode 2022 -2027
5. Hovudutfordringar i Hordaland vassregion

[Planprogram for Glomma vassregion for oppdatert vassforvaltningsplan 2022-2027](#)

[Hovudutfordringar i vassregion Glomma 2022 - 2027](#)

[Planprogram for Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027](#)

[Hovudutfordringar i Møre og Romsdal 2022 - 2027](#)

## Saksutgreiing


### Bakgrunn for saka

Gjeldande regional vassforvaltningsplanar og tiltaksprogram gjeld for perioden 2016-2021. Vi er no i gang med ny plan for perioden 2022-2027 for Vestland. Planen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Målet med planen er å ha god samordna vassforvaltning og oppnå miljøtilstand for vassførekomstane våre frå fjell til fjord.

I høve til Plan- og bygningslova § 8-1, skal alle regionale planar ha eit handlingsprogram. Vi har eit handlingsprogram for 2016 – 2018 for gjeldande vassforvaltningsplan (2016-2021). Handlingsprogrammet er no oppdatert for perioden 2019 – 2022. Handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla i planen. Programmet viser kva for oppfølging planen krev og peikar ut ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for å få gjennomført planen. Handlingsprogrammet er avgrensa til sjølve planprosessen for å sikre framdrift og samhandling og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet knytt til vassforvaltningsplanen.

Fram mot utgangen av 2021 skal dei regionale vassforvaltningsplanane oppdaterast og justerast for heile landet. Figur 1 viser tidsplan for gjennomføring av gjeldande vassforvaltningsplan (øvre del) og oppdatering av planen (nedre del).


## Viktige milepæler 2019 - 2021



Figur 1 Tidsplan for arbeidet utarbeid av nasjonale styresmaktar

Noverande vassforvaltningsplanar for Sogn og Fjordane og Hordaland skal reviderast for planperiode 2022 - 2027, jf. vassforskrifta § 28. Vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane er planlagt slege saman frå 1.1.2020 til Vestland vassregion. Ny oppdatert vassforvaltningsplan vil gjelde for Vestland vassregion. Figur 2 viser regional tidsplan for utarbeiding av regional vassforvaltningsplan for Vestland.

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har utarbeid eit felles planprogram for ein vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022-2027. Plan- og bygningsloven krev at eit planprogram skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad og behov for utgreiingar.



Figur 2 Tidsplan for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland (Vestland frå 1.1.2020). Forkortingar: VOU = vassområdeutval, AU- arbeidsutval knytt til vassregionutval, VRU= vassregionutval, HNNI = Hovudutval for naturressurs, næring og innovasjon, FU = fylkesutval

Det følgjer av vassforskrifta § 28 at dokument om hovudutfordringar i vassregionen skal utarbeidast og leggjast på høyring. Kunnskapsgrunnlaget og hovudutfordringar i vassregionen er summert opp i desse dokumenta. Dei inneheld ei oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak og er derfor eit viktig dokument i prosessen fram mot oppdatert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane og prioriteringane, vil gi eit godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

Det er utarbeidd eigne hovudutfordringsdokument for Sogn og Fjordane og Hordaland;

*Hovudutfordringar i Sogn og Fjordane vassregion*

*Hovudutfordringar i Hordaland vassregion*

Sogn og Fjordane vassregion er delt inn i fire vassområde og Hordaland er delt inn i fem vassområde. Kommunane er sentrale aktørar i vassområda. Det er utarbeidd eigne hovudutfordringsdokument for dei enkelte vassområda. Desse er lagt ut på dei regionale sidene til Sogn og Fjordane og Hordaland på vannportalen.no etter tilslutning frå vassregionutvalet.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har avgjerdsmynde når det gjeld å fatte vedtak av handlingsprogram og regionale planar jf. Reglement for fylkestinget, delegeringsreglementet pkt. 2.1.1 om regional planlegging, plan og bygningslova §§ 7-1 og 8-1.

Fylkesutvalet har avgjerdsmynde til å fatte vedtak om planprogram for regionale planar jf. delegasjonsreglementet pkt. 42 om Lov om planlegging og byggesakshandsaming av 27.06.2008 nr.71, § 4-1.

Fylkesutvalet er vassregionstyresmakt jf. delegeringsreglementet s. 66, punkt 27 *Forskrift for rammer for vannforvaltning*.

Grensene for vassregionane følgjer nedbørgrensene (nedslagsfeltet) og ikkje dei administrative fylkes- og kommune grensene. Møre- og Romsdal, Oppland, Buskerud og Rogaland har mindre areal i Hordaland vassregion og/ eller Sogn og Fjordane vassregion og må av den grunn også vedta planprogrammet for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland (Vestland vassregion frå 1.1.2020).

Leikeins er det lagt opp til at vassforvaltningsplanar i naboregionane der Sogn og Fjordane og Hordaland har eit areal også vert vedteke av Sogn og Fjordane og Hordaland (Vestland). Sogn og Fjordane og Hordaland har eit lite areal følgjande vassregionar; Møre og Romsdal, Glomma, Vest - Viken og Rogaland. Dokumenta frå Møre og Romsdal og Glomma er ferdig utarbeid og lagt ved denne saka.

Dokumentet om hovudutfordringar i vassregionen krev ikkje vedtak etter plan og bygningslova. Dokumentet inngår ikkje som krav til dokument som må utarbeidast i samband med ein regional plan. Plan - og bygningslova set krav om planprogram, regional plan og handlingsprogram. Vassforskrifta set krav om

utarbeiding av eit hovudutfordringsdokument og leggje dette ut på høyring jf. vassforskrifta § 28 . Vassforskrifta set ikkje krav om vedtak av hovudutfordringsdokumentet.

I følgje vassforskrifta skal vassregionstyresmakta (fylkeskommunen) oppdatere planen i nært samarbeid med vassregionutvalet. Sogn og Fjordane vassregionutval og Hordaland vassregionutval slutta seg til / godkjende planprogrammet og hovudutfordringsdokumenta i møte høvesvis 17.10.19 og 21.10.19. I vassregionutvalet sit alle sektorstyresmaktar (statlege sektorstyresmaktar, fylkeskommunar, kommunar) som har verkemidlar og ansvar for å følgje opp vassforvaltningsplanen med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram.

## Vurderingar og verknader

### *Regional plan for vassforvaltning 2016 -2021*

Handlingsprogramma for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland har lik struktur og oppbygning og låg ute å høyring 1. april -30. juni 2019. Det kom inn to høyringsinnspel til handlingsprogramma. Det førte til ein endring av handlingsprogrammet, ei tiltaksrad vart sletta.

### *Regional plan for vassforvaltning 2022 -2027*

Planprogrammet og hovudutfordringsdokumenta for Sogn og Fjordane og Hordaland låg ute på høyring 1. april til 30. juni 2019. Innkomne innspel er summert opp i høyringsnotata;

- [Høyringsnotat – planprogram](#) for vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland
- [Høyringsnotat hovudutfordringar i Sogn og Fjordane](#)
- Høyringsnotat hovudutfordringar i Hordaland

Høyringsinnspela ligg utlagt på den regionale sida for [Sogn og Fjordane](#) og [Hordaland](#) på vannportalen.no og er også summert opp eit rekneark som ligg utlagt på [vannportalen](#), her går det fram kva for innspel som er teke til følgje.

*Innspel til planprogram og hovudutfordringar er delt inn i tre grupper:*

- Innspel som fører til endringar i høyringsdokumenta
- Innspel som vert teke med i arbeidet med oppdatering av vassforvaltningsplan og tiltaksprogram
- Innspel som ligg utanfor vassregionmynde sitt ansvarsområde og vert sendt vidare til departementet eller miljødirektoratet

Fleire innspel er knytt til det kommande arbeidet med oppdatering av vassforvaltningsplan og tiltaksprogram. Det er innspel og ynskje om temamøte, innhald i planen for medverknad, effektivisering av arbeidet, datagrunnlaget i vann-nett, innhaldet i vassforvaltningsplanane og framstillinga av data i figurar og tabellar. Desse synspunkta vert teke med i det vidare planarbeidet.

Det er også mange innspel som ligg utanfor vassregionmynde sitt ansvarsområde. Det er blant anna synspunkt på vassforskrifta og korleis den vert gjennomført i Noreg, synspunkt som gjeld statlege sektormynde og forventningar om tiltaksgjennomføring. Slike synspunkt vert formidla vidare til dei som er ansvarlege.

*Tabell 1 Oversikt over tal høyringsinnspel til planprogram for Vestland og dokumenta om hovudutfordringar for Sogn og Fjordane og Vestland.*

Planprogram høyringsinnspel	statlege	kommunar	Lag, organisasjonar	sum
Vestland	7	12	13	32

Hovudutfordringar høyringsinnspel	statlege	kommunar	Lag, organisasjonar	sum
Sogn og Fjordane	7	2	11	20
Hordaland	7	9	10	26

*Innspel som har ført til endring i planprogrammet*

Oppsummering av høyringsinnspela og kva for endringar dei har ført til, går fram av oppsummeringsnotatet (sjå lenke over). ). Innspela som er komme inn er vurdert og er teke omsyn til i dette dokumentet som no ligg til endeleg godkjenning i Vestland fylkesutval. Planprogrammet er oppdatert med nasjonale føringar for arbeidet.

Fleire av høyringspartane peikar på at det er viktig at dei kommande plandokumenta må få ei form som appellerer til allment engasjement for vassmiljøarbeidet. Stikkord er å gjere dokumenta enklare, mindre voluminøse og med eit enkelt språk.

Formålet med planprogrammene er å klargjere kva som skal gjerast når og av kven. Høyringsinnspela peikar på behov for å gjere tydelegare kva for rolle dei ulike sektorstyresmaktane har, når ulike aktørar skal delta i dei ulike fora etc. Det er m.a. kome ynskje om fleire temamøte. Det er teke omsyn til desse innspela i planprogrammet.

Alle kommunane, som har gitt ei uttale, gir tilslutning til den nye organisasjonsmodellen der kommunen berre er representert i vassregionutvalet med leiar av vassområdeutvala.

Det er kome innspel på fleire tema og utgreiingar som bør vektleggjast i komande planperiode. Fleire av desse er teke med i planprogrammet. Nokre stader er tekstane gjort meir tydelege, så det ikkje blir misforståing om innhaldet.

#### *Innspel til hovudutfordringar i Sogn og Fjordane og Hordaland*

Oppsummering av høyringsinnspela og kva for endringar dei har ført til, går fram av eigne oppsummeringsnotat for hovudutfordringar, eit for Sogn og Fjordane og eit for Hordaland. Innspela som er komme inn er vurdert og er teke omsyn til i desse dokumenta som så er oppdatert.

Kunnskapsgrunnlaget til vassforvaltningsplanen ligg i databasen Vann-nett. Det er kome inn ei rekke innspel på datagrunnlaget i Vann-nett; om manglar, feil og metodikk for vurdering av datagrunnlaget, inndeling av vassførekomst, framstilling av figurar og tabellar etc. Dette er innspel som sektorstyresmaktar må vurdere nærmare før datagrunnlaget til vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet vert teke ut i frå Vann-nett. Tidsløpet gjer at dette dokumentet ikkje rekk å få med ev. endringar som gjerast i Vann-nett no i haust.

Fylkeskommunen ber sektorstyresmaktar om å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og tiltaksrapporteringa i Vann-nett slik at vassforvaltningsplanen vert utarbeida med oppdatert kunnskapsgrunnlag.

**Økonomi:** Fylkeskommunen som vassregionstyresmakt har ansvaret for å utarbeide vassforvaltningsplanen med tilhøyrande dokument i samarbeid med vassregionutvalet. Kvar sektorstyresmakt (kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar) har ansvar for å følgje opp planen innanfor sine ansvarsområde og eigne budsjett.

Sektorstyresmaktar finansierer eigne tiltak ev. pålegg ein tiltakshavar å utbetre tilhøva. Fylkeskommunen er sektorstyresmakt innanfor nokre få tema. I gjeldande plan ligg det inne tiltak om å fjerne vandringshindre for fisk forårsaka av fylkesveggar.

**Klima:** Planarbeidet har som mål å betre miljøtilstanden og påverkar ikkje klimaet direkte. Klimaendringar vert ein integrert del av planen og omtale av flaumrisiko og ev. moglege tiltak for å avgrense denne risikoen vert inkludert. Skisserte tiltak må vere tilpassa eit endra klima.

**Folkehelse:** Den nye planen vil også omhandle registrering av beskytta område for badevatn og drikkevatn og ev. tiltak for å utbetre miljøtilstanden. Tiltak mot forureining av vatn og sjø vil og kunne påverka mattryggleik og folkehelsa til det betre.

**Regional planstrategi:** Revidering av vassforvaltningsplanen ligg inne i gjeldande planstrategi for Hordaland og Sogn og Fjordane. Planarbeidet vil ende opp i ein regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion for 2022- 2027.

## **Konklusjon**

Vassforvaltningsplanen fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Målet med planen er å ha god samordna vassforvaltning og oppnå god miljøtilstand for vassførekomstane våre frå fjell til fjord.

Gjeldande regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram gjeld for perioden 2016-2021. Fylkesrådmannen tilrår å vedta oppdatert handlingsprogram 2019 -2021 for gjeldane vassforvaltningsplanar for Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vassregionmynda som er fylkeskommunen, er no i gang med ny plan for perioden 2022-2027. Planprogram og hovedutfordringar har vore på høyring og innspela som er komme inn er vurdert og er teke omsyn til i dokumenta som ligg vedlagt denne saka.

Fylkesrådmannen tilrår å vedta planprogrammet for utarbeiding av ein regional plan for vassforvaltningsplan for Vestland med tilhøyrande tiltaksprogram. Fylkesrådmannen tilrår og å vedta planprogramma for ein oppdatert vassforvaltningsplan med tilhøyrande tiltaksprogram i naboregionane der Sogn og Fjordane og Hordaland har eit mindre areal i langs fylkesgrensene.

Kunnskapsgrunnlaget til planen og hovudutfordringar i vassregionen kjem fram i dokumenta om hovudutfordringar. Mange av høyringsinnspela til dokumentet for Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld ansvarsområda til statlege sektorsyresmaktar. Fylkeskommunen vil be dei vurdere innkomne innspel og sørge for at databasen vann-nett er oppdatert til vassforvaltningsplanen og tilhøyrande tiltaksprogram vert utarbeidd.

Fylkesrådmannen tilrår hovudutval for Næring, naturresurs og innovasjon og fylkesutvalet til å ta dokumenta om hovudutfordringar til orientering.